

Konkurransesgrunnlag

Utgreiing av framtidig
kommunestruktur Volda/Ørsta

Anskaffing etter forskrift om offentlege anskaffingar del I

Arkivreferanse: 26/1360

Innhald

1	Generell informasjon.....	4
1.1	Oppdragsgjevar.....	4
1.2	Estimert verdi.....	4
1.3	Konkurransegrunnlaget	4
1.4	Kontraktsvilkår	4
2	Anskaffingsgjenstanden	4
2.1	Bakgrunn	4
2.2	Formål	5
2.3	Oppdragets omfang og krav til hovudleveransen.....	5
2.3.1	Felles faktagrunnlag og framtidsbilete	5
2.3.2	Tenester og fagmiljø	5
2.3.3	Myndeutøving og rettstryggleik	6
2.3.4	Samfunnsutvikling, areal og næring	6
2.3.5	Lokaldemokrati og medverknad	6
2.3.6	Økonomi, bereevne og harmonisering.....	6
2.3.7	Organisering, arbeidsgjevar og IKT.....	7
2.3.8	Alternative strukturar som skal vurderast.....	7
2.3.9	Metodekrav	7
2.3.10	Involvering og prosess.....	8
2.3.11	Framdrift.....	8
2.4	Tilleggsutgreiingar.....	8
3	Reglar for gjennomføring av konkurransen	9
3.1	Anskaffingsprosedyre.....	9
3.2	Dialog	9
3.3	Kommunikasjon	9
3.4	Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysingar	9
3.5	Deltilbod.....	9
3.6	Alternative tilbod	9
3.7	Tidsramme	9
3.8	Teieplikt.....	10
3.9	Tilbodskostnadar.....	10
3.10	Vedståingsfrist	10
3.11	Skatteattest.....	10
4	Tildelingskriterium.....	10

5	Innlevering av tilbud og tilbudsutforming.....	12
5.1	Innlevering av tilbud	12
5.2	Utforming av tilbudet.....	12
5.3	Avvik og atterhald	12

1 Generell informasjon

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Volda kommune og Ørsta kommune. For meir informasjon visast det til heimesidene:

- <https://www.orsta.kommune.no/>
- <https://www.volda.kommune.no/>

Kontaktperson hjå oppdragsgjevar er:

Namn: Andreas Kiperberg
E-post: andreas.kiperberg@volda.kommune.no

1.2 Estimert verdi

Oppdragsgjevar har ei øvre økonomisk ramme på 1 MNOK ekskl. mva for prosjektet fordelt slik:

- 0,8 MNOK for hovudleveransen
- 0,2 MNOK for arbeid med tilleggsutgreiingar

Sjå punkt 2 «Anskaffingsgjenstanden» for meir informasjon om hovudleveransen og tilleggsutgreiingane.

1.3 Konkurransesgrunnlaget

Konkurransesgrunnlaget består av følgjande dokumentasjon:

Vedlegg	Dokumentasjon
Hovuddokument	Konkurransesgrunnlag (dette dokumentet)
Vedlegg 1	Tilbodsbrev
Vedlegg 2	SSA-B Enkel

1.4 Kontraktsvilkår

For denne anskaffinga gjeld følgjande kontraktsvilkår: SSA-B enkel med Oppdragsgjevar sine tilpassingar og vedlegg. Leverandør må lese godt gjennom kontraktsvilkåra før levering av tilbod.

2 Anskaffingsgjenstanden

2.1 Bakgrunn

Kommunane Ørsta og Volda ønskjer å gjennomføre ei heilskapleg og kunnskapsbasert utgreiing av ein mogleg ny framtidig kommunestruktur. Kommunane har i dag eit etablert interkommunalt samarbeid, mellom anna gjennom samarbeidet i Sjustjerna (kommunane på Søre Sunnmøre), og dette skal inngå som ein naturleg del av vurderinga av framtidige løysingar.

Utgreiinga skal danne grunnlag for politisk vurdering og vidare prosess i kvar kommune. Arbeidet skal vere framtidsretta og ta høgde for no-situasjon og langsiktige utviklingstrekk innan demografi, økonomi, samfunnsutvikling og kommunale kjerneoppgåver. Hovudleveransen er forankra i søknad til departementet og skal liggje til grunn for oppdraget; leverandør skal byggje på desse føringane og operasjonalisere dei i tråd med denne behovsbeskrivinga.

Utgreiinga skal liggje på eit overordna, strategisk nivå og gi eit solid beslutningsgrunnlag for val av retning, ikkje detaljplanlegging av ei eventuell gjennomføring av samanslåing.

2.2 Formål

Formålet er å inngå kontrakt med ein leverandør som skal:

- Utarbeide eit heilskapleg og fagleg fundert kunnskapsgrunnlag
- Analysere og vurdere mogleg ny kommunestruktur
- Synleggjere konsekvensar, risiko og mogleg gevinstrealisering
- Leverer eit robust og etterprøvbart beslutningsgrunnlag for politisk handsaming. Samtidig skal utgreiinga leggje til rette for god innbyggjarmedverknad.

Kunnskapsgrunnlaget skal vere forståeleg for folkevalde og innbyggjarar, og tydeleg vise premisser, avgrensingar og usikkerheit i vurderingane. Rapporten skal leverast på nynorsk, som er oppdragsgjevar sitt administrasjonsspråk.

2.3 Oppdragets omfang og krav til hovudleveransen

Hovudleveransen skal omfatte alle tema som er nemnt i punkt 2.3.

2.3.1 Felles faktagrunnlag og framtidsbilete

- Oppdatert analyse av demografi, befolkningsutvikling og alderssamansetjing
- Arbeidsmarknad, pendling og regionale samanhengar
- Økonomiske utviklingstrekk
- Scenarioanalyse (minst tre alternative utviklingsbaner fram mot 2040–2050)
- Vurdering av sentrale samfunnsutfordringar og strategisk handlingsrom
- Næringsstruktur og sysselsetting

Analysane skal vere datadrivne, etterprøvbare og byggje på offisielle kjelder og tilgjengelege kommunale data. Oppdragsgivar vil stille relevante data til disposisjon (økonomital, tenestestatistikk, planverk m.m.), og leverandør skal skildre korleis desse vert nytta og kvalitetssikra.

2.3.2 Tenester og fagmiljø

- Kapasitet og kompetanse i sentrale tenesteområde
- Sårbarheit i små fagmiljø
- Rekrutteringskraft og konkurranse om arbeidskraft
- Kvalitet, likeverd og framtidig tenestebehov
- Effektar av ulike strukturval på fagmiljø og tenesteleveranse
- Rammevilkår for born og unge

Vurderingane skal rette merksemd mot konsekvensar for innbyggjarane, med særleg vekt på kvalitet, tilgjenge og likeverdigheit i tenestene.

2.3.3 Myndeutøving og rettstryggleik

- Vurdering av tilstrekkeleg distanse og habilitet
- Saksbehandlingskapasitet
- Rettstryggleik for innbyggjarar
- Konsekvensar av ulike strukturmodellar for myndigheitsutøving

2.3.4 Samfunnsutvikling, areal og næring

- Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsområde
- Heilskapleg areal- og transportplanlegging
- Næringsattraktivitet
- Regional konkurransekraft (den fjerde byen i Møre og Romsdal)
- Evne til å drive strategisk samfunnsutvikling
- Konsekvensar av ulike strukturalternativ for utviklingskraft og påverknad
- Samfunnsendringar, digital utvikling og omstillingsevne – utnytting av samfunnets kapasitet og potensial for tilpassing av strukturar og tenester til framtidige behov.
- Beredskapsmessige konsekvensar for kritisk infrastruktur, til dømes vatn, avløp, veg og samband

2.3.5 Lokaldemokrati og medverknad

- Effektar på politisk deltaking og representasjon
- Politisk styringsmodell og utvalsstruktur
- Valdeltaking, rekruttering til politiske verv og konsekvensar for politisk representasjon i ny kommune
- Nærdemokratiske ordningar, og demokratiske utfordringar knytt til avstand og forholdet mellom sentrum og periferi
- Identitet og tilhøyrse
- Medverknad og involvering i kommunalt planarbeid og prioriteringar i ei ny kommune
- Felles kultur- og identitetsbygging i ei eventuell ny kommune

Det er ein føresetnad at innbyggarperspektivet vert teke inn i utgreiinga. Leverandør skal difor skildre korleis innbyggjarar kan involverast, til dømes gjennom undersøkingar, opne møte eller digitale løysingar.

2.3.6 Økonomi, bereevne og harmonisering

- Økonomisk robustheit og langsiktig bereevne
- Inntektssystem og økonomiske rammevilkår
- Administrativ organisering og effektivisering

- Investeringsbehov og gjeldsutvikling
- Gevinstpotensial og realistisk gevinstrealiseringsmodell
- Harmonisering av tenestenivå, gebyr og avgifter

Det skal gjennomførast konkrete økonomiske berekningar, ikkje berre overordna vurderingar; premisser, datagrunnlag og usikkerheit skal gjerast tydelege.

2.3.7 Organisering, arbeidsgjevar og IKT

- Organisasjonsmodell og leiarstruktur
- Arbeidsgjevarpolitikk og kulturbygging
- Harmonisering av løns- og arbeidsvilkår
- Digital infrastruktur og IKT-løysingar
- Gjennomføringskapasitet og overgangsrisiko

Vurderingane skal peike på hovudgrep og risiko knytt til ei eventuell gjennomføring, utan å gå inn i detaljert prosjektplanlegging.

2.3.8 Alternative strukturar som skal vurderast

Leverandør skal minimum analysere:

1. Nullalternativ (vidareføring av dagens struktur)
2. Alternativ med forsterka samarbeid
3. Endra kommunestruktur der Ørsta og Volda går saman til ei ny kommune

Det skal gjennomførast systematisk samanlikning mellom alternativa, med vurdering av:

- Fordelar og ulemper
- Risiko
- Tidsløp for realisering
- Økonomiske konsekvensar
- Effekt på tenestekvalitet og demokrati
- Konsekvensar for samarbeidet i Sjustjerna
- Betydning av nasjonale reformer (generalistkommuneutval, kommunekommisjon, helsereform m.v.).

2.3.9 Metodekrav

Løysingsforslaget skal beskrive:

- Analytisk tilnærming
- Datagrunnlag og kvalitetssikring
- Scenarioanalyse

Konkurransegrunnlag

- Risikoanalyse
- Samfunnsøkonomisk vurdering
- Modell for gevinstrealisering

Metoden skal sikre transparens og etterprøvnbarheit. Leverandør skal gjere greie for føresetnader og avgrensingar i analysane, og skildre korleis usikkerheit vert handtert. Scenario- og samfunnsøkonomiske analysar skal gjennomførast på eit nivå som står i rimeleg forhold til datatilgang, oppdragets rammer og formålet med utgreiinga.

Oppdragsgivar vil stille naudsynte data til disposisjon; leverandør må likevel rekne med å hente inn og systematisere offentleg statistikk og relevante plan- og styringsdokument.

2.3.10 Involvering og prosess

Leverandør skal leggje opp til ein strukturert og open prosess som minimum omfattar:

- Arbeidsmøte med politisk styringsgruppe
- Administrativ medverknad
- Dialog med tillitsvalde
- Opplegg for informasjonsdeling og medverknad

Proessen skal vere tillitsbyggjande og bidra til brei forståing av kunnskapsgrunnlaget. Leverandør skal i løysingsforslaget skildre korleis innbyggjarar og andre relevante aktørar kan involverast, og korleis funn og vurderingar skal presenterast på ein forståeleg måte for ulike målgrupper.

2.3.11 Framdrift

Hovudleveransen skal i utgangspunktet vere ferdig seinast 27. september 2026. Løysingsforslaget skal innehalde ein realistisk og detaljert framdriftsplan med utgangspunkt i denne sluttdatoen, samt milepålar som minimum omfattar:

- Oppstartsmøte med oppdragsgivar
- Levering av delrapport faktagrunnlag og framtidsbilete
- Levering av delrapport alternativanalyse
- Presentasjon av førebelse funn for administrativ og politisk leiing
- Levering av sluttrapport og samandrag
- Presentasjon for kommunestyra.

Framdriftsplanen skal vise sentrale aktivitetar, behov for møte og medverknad, og eventuelle kritiske avhengigheiter.

2.4 Tilleggsutgreiingar

Leverandør skal ta høgde for at det kan oppstå behov for:

- Supplerande analysar
- Utdjuping av særskilde tema

- Oppdatering av berekningar
- Nye vurderingar som følgje av politiske avklaringar undervegs

Tilleggsutgreingar skal berre gjennomførast etter særskilt skriftleg bestilling frå Oppdragsgivar som opsjon.

3 Reglar for gjennomføring av konkurransen

3.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga vert gjennomført i samsvar med lov av 17. juni 2016 nr. 69 om offentlege anskaffingar (LOA) og forskrift av 12. august 2016 nr. 974 om offentlege anskaffingar (FOA) del I.

3.2 Dialog

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover å gjere eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda, og presentasjon av løysingsforslag.

Dialog kan likevel bli gjennomførte dersom Oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottekne, vurderer det som føremålstenleg.

3.3 Kommunikasjon

Leverandør vert oppfordra til å ta kontakt i god tid før tilbodsfristens utløp dersom det oppdagast uklarheiter, feil, mangelfull informasjon eller forhold som leverandør ikkje kan akseptere i konkurransegrunnlaget.

Spørsmål og kommentarar til konkurransegrunnlaget skal framstillast skriftleg til Oppdragsgjevar sin kontaktperson. Svar på spørsmål og opplysningar som vert gjevne på førespurnad vert anonymisert og formidla til alle aktørar som har fått tilbodsførespurnaden. Spørsmål og svar er ein del av konkurransegrunnlaget.

3.4 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysingar

Oppdragsgjevar kan foreta rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege fram til tilbodsfrist.

3.5 Deltilbod

Det er ikkje anledning til å inngi tilbod på berre delar av leveransen.

3.6 Alternative tilbod

Det er ikkje anledning til å inngi alternative tilbod.

3.7 Tidsramme

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsplan:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	13.05.2026 - kl.12:00
Frist for å levere tilbod	18.05.2026 - kl.12:00
Evaluering og eventuell dialog	Veke 21 - 22
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	Snarast etter evaluering
Vedståingsfrist for tilbodet	01.07.2026

Alle fristar etter fristen for å levere tilbud er tentative, og kan endrast av Oppdragsgjevar etter behov.

3.8 Teieplikt

For allmennheita sitt innsyn i dokument knytt til denne anskaffinga, gjeld offentleglova, jf. FOA § 7-3. Oppdragsgjevar pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar, eller drifts- og forretningsforhald som kan vere forretningshemmelegheiter, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4, jf. forvaltningslova § 13.

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbud og anskaffingsprotokoll, jf. lov 19.mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbud og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentleglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikta i lov eller i medhald av lov, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13. Leverandørane oppfordrast til å levere ei oversikt over kva for opplysningar dei meiner er unnateke innsyn, samt signere eigenerklæring på at Oppdragsgjevaren er friteken frå teieplikt i høve opplysningar som ikkje er særskild identifisert som teiepliktige i leverandøren si opplisting.

Ved krav om innsyn skal Oppdragsgjevar gjere ei konkret og sjølvstendig vurdering av kor vidt opplysningane leverandøren har lista opp er av ein slik art at Oppdragsgjevar pliktar å nekte innsyn, jf. offentleglova § 29.

3.9 Tilbodskostnadar

Leverandør dekker sjølv sine tilbods-kostnadar.

3.10 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbudet fram til det tidspunktet som er oppgitt i tabellen i punkt 3.8 «Tidsramme» ovanfor.

3.11 Skatteattest

Alle norske leverandørar skal levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfrist.

4 Tildelingskriterium

Tildeling av kontrakt vil skje på bakgrunn av kva tilbud som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet:

Tildelingskriterium	Vekt	Vurderingstema og dokumentasjon
Løysingsforslag	65 %	Leverandøren skal levere eit løysingsforslag som skildrar korleis oppdraget vert løyst. I evalueringa vil Oppdragsgjevar leggje vekt på følgjande: <ul style="list-style-type: none">• Metodikk, arbeidsform og organisering av leveransen• Plan for medverknad av aktuelle aktørar (involvering)

		<ul style="list-style-type: none"> • Kor treffande løysingsforslaget er opp mot Oppdragsgjevar si behovsskildring, inkludert aktivitetar og leveransar som inngår i oppdraget • Framdriftsplan <p>Løysingsforslaget skal ta omsyn til behovsskildringa i punkt 2.3 med underpunkt.</p> <p>Løysingsforslaget skal vere inndelt i relevante overskrifter og underoverskrifter, og skal ikkje vere lenger enn seks A4- sider med skriftstorleik 10. Dersom forslaget vert lenger, vil Oppdragsgjevar berre vurdere dei seks fyrste sidene.</p> <p>I tillegg skal leverandør etter tilbudsfrist halde ein elektronisk presentasjon av løysingsforslaget på inntil 45 minutt som vil inngå i Oppdragsgjevar si vurdering saman med det skriftlege tilbodet.</p> <p>Oppdragsgjevar vil foreta ei samla vurdering av leverandørane sine løysingsforslag. Leverandør vil få ein score på mellom 1 – 10 på tildelingskriteriet.</p>
Kompetanse og erfaring	20 %	<p>Oppdragsgjevar vil vurdere kompetansen og erfaringa til det dedikerte nøkkelpersonellet som skal gjennomføre oppdraget.</p> <p>Oppdragsgjevar vil særleg leggje vekt på tidlegare erfaring og kompetanse knytt til oppdrag som gjeld kommunale analysar, kommunale strukturutgreiingar og kommunale omstillingsprosessar i samband med kommunesamanslåingar.</p> <p>Leverandør skal levere CV for tilbode nøkkelpersonell som beskriv kompetanse og tidlegare erfaring. Leverandøren må skildre kva rolle nøkkelpersonellet har hatt i dei tidlegare oppdraga og kva vedkomande har gjort i oppdraget. Leverandøren er ansvarleg for å sikre relevans sett opp mot anskaffingsgjenstanden i punkt 2.3 med underpunkt.</p> <p>CV skal ikkje vere lenger enn to A4- sider.</p> <p>Oppdragsgjevar vil foreta ei samla vurdering av nøkkelpersonellets kompetanse og erfaring, uavhengig av antal personar leverandøren vil engasjere i prosjektet. Leverandør vil få ein score på mellom 1 – 10 på tildelingskriteriet.</p>
Honorarbudsjett	15 %	<p>Leverandør skal levere eit honorarbudsjett på 800.000 NOK ekskl. mva for hovudleveransen.</p> <p>Honorarbudsjettet skal innehalde alle aktivitetar som inngår i løysingsforslaget, tidsbruken per aktivitet og totalt, samt den gjennomsnittlege timeprisen som ligg til grunn for summen på 800.000 NOK.</p>

		<p>Honorarbudsjettet skal ikkje inkludere tilleggsarbeid. Dette vert gjennomført etter avtale med Oppdragsgjevar, basert på gjennomsnittleg timepris.</p> <p>Honorarbudsjettet er styrande for hovudleveransen, men kan justerast etter dialog med Oppdragsgjevar. Det kan for eksempel verte aktuelt å prioritere om på aktivitetar og timebruk for å sikre at leveransen vert i tråd med Oppdragsgjevar sitt behov.</p> <p>I evalueringa av dette kriteriet vil Oppdragsgjevar leggje vekt på gjennomsnittleg timepris. Ved samanlikning av tilbod vil Oppdragsgjevar bruke ein forholdsmessig modell. Leverandørane vil få ein score på mellom 1 – 10 på tildelingskriteriet.</p>
--	--	---

5 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

5.1 Innlevering av tilbod

Tilbodet skal leverast per e-post til andreas.kiperberg@volda.kommune.no og vere passordbeskytta. Passord ettersendast etter fristen.

Tilbodet skal leverast på norsk.

Dersom tilbodet inneheld opplysningar som er unnateke offentlegheita, skal det leverast sladda versjon av tilbodet. Sladding skal gjerast i samsvar med Offentleglova.

5.2 Utforming av tilbodet

Leverte tilbod skal bestå av følgjande dokumentasjon:

- Ferdig utfylt tilbodsbrief, jf. Vedlegg 1
- Ferdig utfylt SSA-B enkel (alle felt i blått skal svarast ut)
- Honorarbudsjett, jf. tildelingskriteriet honorarbudsjett
- Løysingsforslag, jf. tildelingskriteriet løysingsforslag
- CV for tilbode nøkkelpersonell, jf. tildelingskriteriet kompetanse
- Skatteattest

Alle felt som leverandørane skal svare på er markert i blått.

5.3 Avvik og atterhald

Atterhald og avvik vil kunne føre til avvising. I staden for å gje tilbod med atterhald eller avvik, bør leverandør stille spørsmål undervegs i konkurransegjennomføringa.

Atterhald og avvik skal vere presise og eintydige, og skal takast inn i tilbodsbriefet slik at Oppdragsgjevar kan vurdere dei utan kontakt med leverandør. Vesentlege atterhald og avvik, som kan medføre tvil om korleis tilboda skal vurderast i høve dei andre tilboda, vil føre til at tilbodet vert avvist.